



Reguleringsføresegner for detaljreguleringsplan for Letrudgrenda i Nord-Fron, Planid. 51620180003.

Vedteke av kommunestyret – sak. XXXX.XX, i møte XX.XX.2018

1 FELLES FØRESEGNER.

Reguleringsføresegnene gjeld innafor området som er vist med plangrense på reguleringsplankartet. Det er ikkje tillate med etablering av private særrettar som er i strid med desse føresegnene.

1.1 Plassering og utforming av bygg.

Bygg skal plasserast slik at dei bryt minst mogleg landskapet rundt og anna bygnad i området. Ved godkjenning av byggesøknader i planområdet, skal det leggast vekt på god byggeskikk og god estetisk utforming.

1.2 Byggegrenser.

Nye bygg skal plasserast innafor dei byggegrensene som er vist på plankartet. Byggegrense mot fylkesveg 420 er vist på plankartet, og er 15 m målt frå vegens senterline.

1.3 Gjerde.

Gjerde kan førast opp i tomtegrensa der det ikkje er til hinder for frisiktsone langs veg.

1.4 Dimensjonering i forhold til flaum.

Overvassanlegg, grøfter, stikkrenner, kulvertar, bruer og flaumsikringsanlegg i bekker/grøfter i planområdet, skal dimensjonerast for 200-års flaum + klimapåslag (minimum 20 %).

2 REGULERINGSFØREMÅL

Planområdet regulerast til følgjande føremål:

Bygnad og anlegg (pbl. § 12-5 punkt 1)

- 1120: Bustadbygnad – frittliggjande småhus (BBF)
- 1500: Andre typar bygg og anlegg – skredsikringsvoll m.m. (BA)
- 1541: Vassforsyningsanlegg (BAV)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl. § 12-5, punkt 2)

- 2011: Køyreveg (SVK)
- 2019: Annan veggrunn – grøntareal (SAG)

Grønstruktur (pbl. § 12-5, punkt 3)

- 3030: Turdrag (GD)
- 3031: Turveg (GT)

Landbruks-, natur og friluftsområder (pbl. § 12-5, punkt 5)

- 5110: Landbruk (LL)



Omsynssoner (pbl. § 12-6)

- Faresone: Ras- og skredfare

Føresegningsområder: (pbl. § 12-7)

- Føresegningsområde: Anleggs- og riggområde (# 1)
- Føresegningsområde med retningsline for skogsdrift (# 2 og # 3)

3 BYGNAD OG ANLEGG

3.1 Bustadbyggnad – frittliggjande småhus (BBF01-BBF05).

- Områda BBF01 - BBF05 er regulert som byggeområde for frittliggjande bustadhus, uthus, garasje og andre mindre bygningar knytt til formålet. Dersom det skal førast opp ny bustadbyggnad i dette området, må det dokumenterast at byggetomta med tilhøyrande uteareal ikkje har større årleg sannsynlegheit for skred mindre eller lik 1/1000 – svarande til sikringsklasse S2 i byggt teknisk forskrift (TEK).
- Områda BBF02, BBF03, BBF04 og BBF05, ligg heilt eller delvis innafør kartlagt faresoner for ras og skred, med største nominelle årlege sannsynlegheit på 1/333 for sone H310_2 og 1/1000 for sone H310_3. Skredførebyggande tiltak som skal gjennomførast i medhald av denne reguleringsplanen med tilhøyrande detaljprosjektering, vil sikre eksisterande byggnad i områda BBF02, BBF03 og BBF05 slik at ein oppnår største nominelle årlege sannsynlegheit for skred mindre eller lik 1/333. Skredsikringstiltaka vil ikkje gjere at ein vil oppfylle krava til oppføring av ny byggnad i sikringsklasse S2 i TEK. Byggetiltak på etablerte tomter innafør BBF02 – BBF05 i dei to faresonene for skred, som har liten konsekvens for personsikkerheit (t.d. garasje og lagerbygning med lite personopphald), kan tillatast inntil 50 m² BRA. Tilbygg/påbygg til eksisterande bustad kan også tillatast, men tiltak er da avgrensa til inntil 50 m² BRA i løpet av bustadens levetid. Ein viser til regelverk gitt i byggt teknisk forskrift (TEK)- kap. 7 «Sikkerheit mot naturpåkjenningar». Det stillast det krav om sikringstiltak som er pålagt som følgje av reguleringsplanen, skal vera på plass og dokumentert gjennomført før byggjearbeidet kan starte (jf. TEK).
- I samband med byggesøknadar, skal det leggest fram situasjonsplan som viser korleis bygg og andre anlegg blir plassert på tomte og i terrenget. Det skal også vere ein plan for parkering og for uteareal.
- Grad av utnytting skal reknast som prosent bygd areal (%BYA) av tomtearealet. Parkeringsareal skal inngå i BYA. Ved utbygging av ein bustad kan grad av utnytting vere inntil %BYA = 40 %, med dei avgrensingar som er gjeve i faresona for skred som er nedfelt i reguleringsføresegnenes pkt. 3.1.b.
- Bygningar på tomte, skal vere mest mogleg einsarta når det gjeld utforming og takform og ha samanheng i form av val av materialar, kledning, glas, taktekkning og farger. Taktekkingsmateriala skal ha ei ikkje reflekterande overflate.
- Parkering skal skje på eiga tomt. Det skal etablerast 2 plassar for oppstilling av bilar for kvar bustad. Garasje/carport kan avløyse behov for biloppstillingsplass.
- Felles garasje for to naboeigedomar kan oppførast i tomtegrensa. Frittliggjande garasje på eiga tomt, kan innafør reglane i byggeforskriftene, oppførast inntil 0,5 m frå nabogrensa.
- Garasje skal plasserast minimum 6 m frå vegkant når den er plassert normalt på veggen og minimum 4 m frå vegkant når den er plassert parallelt med veggen.
- Plassering av garasje skal visast på situasjonsplanen, sjølv om garasje ikkje vert oppført på same tid som bustadhuset.
- Gesims- og mønehøgder blir rekna ut frå gjennomsnittleg, planert terreng. Maks mønehøgde er 9 m. Maks gesimshøgde er 6,5 m. Bygningar med horisontal takflate skal ha maks høgde 7,0 m.



3.2 Andre typar bygnad og anlegg - skredsikringstiltak (BA01 - BA03).

- a) Områda BA01 - BA02 omfattar byggeområde for anlegg av sikringsanlegg mot skred som skredvollar, anlegg for overvasshandtering, og tilkomstvegar/manøvreringsareal for anleggsmaskinar ved drift og vedlikehald av anlegget.
- b) Anlegga er søknadspliktig. I samband med søknaden skal det leggest fram situasjonsplan som viser korleis anlegga blir plassert i terrenget, terrengprofil og plan for handtering av overvatn.
- c) Arealet som er regulert for dette formålet, skal ikkje kunne brukast til lagerområde, og skal til ei kvar tid vere tilgjengeleg for tilkomst av anleggsmaskinar i samband med vedlikehald, reparasjon og hastetiltak ved ei skred-/flaumhending.

3.3 Vassforsyningsanlegg (BAV01).

Innafor det regulerte området for vassforsyning, er det forbod mot all verksemd som ikkje er naudsynt for drift av vassforsyningsanlegget.

4 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

4.1 Køyreveg (SVK01 - SVK04).

- a) Område regulert for køyreveg nyttast til veg med nødvendig anna sideareal.
- b) Veg SVK01 er del av Gardvegen FV 420 er offentleg veg. SVK02 – SVK04 er private vegar.

4.2 Annan veggrunn – grøntareal (SAG01 – SAG07).

Områda SAG01 – SAG07 omfattar areal til grøft, vegskjering, vegfylling og andre tekniske anlegg langs veg. Areala kan såast til og plantast til så langt det ikkje er til hinder for frisisone og siktforhold langs veg.

5 GRØNSTRUKTUR.

5.1 Turdrag (GD01 – GD02).

- a) Areala GD01 og GD02 er areal som er regulert som turdrag kring eksisterande råk/gamle setervegar.
- b) Råka/setervegane skal i størst mogeleg grad takast vare på slik dei ligg. Det tillatast skjøtsel, skilting, tynning av vegetasjon og liknande tiltak som fremjar friluftslivet.

5.2 Turveg (GT01-GT03).

- a) GT01 er regulert for anlegg av ny turveg som skal erstatta del av råk/seterveg som blir bygd ned ved bygging av sikringsanlegga.
- b) Den regulerte turvegen skal til ei kvar tid vere tilgjengeleg for bruk som tilkomstveg for anleggsmaskinar til sikringsanlegga i samband med vedlikehald, reparasjon og hastetiltak ved ei skred-/flaumhending.



6 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDER.

6.1 LNFR Landbruk (LL01 - LL07)

- a) I områda LL01 – LL07 kan det drivast landbruk. Det er ikkje lov å oppføre bygningar eller andre anlegg innanfor desse områda som ikkje har direkte tilknytning til landbruk eller stadbunden næring.
- b) Områda LL01 – LL07 ligg dels innafør kartlagd faresone for skred. I den delen av landbruksarealet som ligg innafør faresone H310_1, H310_2 og H310_3, er det ikkje tillate med bygging av nye bygningar for varig opphald. Dersom det skal førast opp bygnad for varig opphald i fareområdet, må det dokumenterast at byggetomta ikkje har større årleg sannsynlegheit for skred mindre eller lik 1/1000 – svarande til sikringsklasse S2 i byggtেকnisk forskrift (TEK). Denne dokumentasjonen og evt. sikringstiltak som er pålagt, skal vere på plass før byggjearbeidet kan starte (jf. Byggtেকnisk forskrift - TEK).

7 Omsynssoner.

7.1 Faresone for ras og skred (H310_1, H310_2 og H310_3).

- a) Størstedelen av planområdet er utsett for ras og skred, og er regulert med omsynssonene «Faresone ras og skred» - H310_1, H310_2, H310_3 og H310_4 på plankartet. Dersom byggetiltak skal tillatast i faresonene, skal det dokumenterast god nok sikkerheit i forhold til krav sett i byggtেকnisk forskrift (TEK). Denne dokumentasjonen, skal vere på plass før byggjearbeidet kan starte (jf. TEK).
- b) Faresone H310_1 er kartlagt fareområde for skred med største nominelle årlege sannsynlegheit på 1/100. I denne faresona er det ikkje tillate med byggetiltak.
- c) Faresone H310_2 er kartlagt fareområde for skred med største nominelle årlege sannsynlegheit på 1/333. I denne faresona er det ikkje tillate med byggetiltak som vil medføre auka personopphald på eigedomen eller byggetiltak som omfattar store materielle/ økonomiske verdiar.
- d) Faresone H310_3 er kartlagt fareområde for skred med største nominelle årlege sannsynlegheit på 1/1000. I denne faresona er det ikkje tillate med byggetiltak som vil medføre auka personopphald på eigedomen eller byggetiltak som omfattar store materielle/ økonomiske verdiar, tilsvarande sikringsklasse S2 i TEK. For bygging på eksisterande bustadtomter og landbruksareal som ligg i denne faresona, viser ein til reguleringsføresegnenes pkt. 3.1.b og 6.1.b.
- e) Faresone H310_4 er kartlagt fareområde for skred med største nominelle årlege sannsynlegheit på 1/5000. I denne faresona er det ikkje tillate å oppføre byggverk kor konsekvensane av eit skred, herunder sekundærvirkning av skred, vil vere særleg stor, tilsvarande sikringsklasse S3 i TEK.

7.2 Føresegnsområde: Anleggs- og riggområde (#1 og #2).

- a) Arealet kan bli nytta til rigg, anleggsområde og anleggstrafikk under bygge- og anleggsperioden for skredsikringsanlegga. Arealet kan nyttast til all verksemd som er nødvendig for gjennomføring av anlegget, også oppføring av midlertidige bygningar (brakkar). Innenfor områda tillatast det lagring og oppfylling av reine overskotsmasser i samband med bygginga av sikringsanlegga.
- b) Riggområda skal bli sikra på forsvarleg måte før dei blir teke i bruk.



- c) Det skal etablerast rutiner som hindrar avrenning av olje, kjemikalier og andre forureinande stoffar i grunnen.
- d) Der anleggsbeltet kryssar avkjørsler og adkomstvegar/driftsvegar, skal anleggsdrifta planleggast og utførast slik at det ikkje hindrar bruken av desse. Området kan stenges av i kortere perioder ved behov og av sikkerhetsmessige årsakar.
- e) Etter avslutta anlegg opphøyrer den midlertidig bruken av området som anleggs- og riggområde. Områda skal bli rydda, istandsett og tilbakeført til det formål som er gjeve i planen i samråd med grunneigarar og kommunen.

7.3 Føresegnsområde: Retningsline for skjøtsel og drift av skog i kartlagt faresone for skred (#3 og #4).

- a) Føresegnsområda er avgrensa slik som faresone «Vernskog mot skred», er avlagt i kommuneplanens arealdel for Nord-Fron etter faresonekartlegging frå 2017 utført av Skred AS på oppdrag frå NVE.
- b) Ved skjøtsel og drift av skogen innafor føresegnsområda, skal det leggjast avgjerande vekt på å unngå at hogst/inngrep ikkje medfører auka fare for ras og skred eller skadeflaum mot områda nedafor.
- c) Før hogst/tiltak i føresegnsområdet, skal det alltid vurderast kva for verknader det planlagde inngrepet vil ha for ras- og skredfaren i området. Det skal da etablerast dialog mellom skogeigar, utøvande entreprenør og skogansvarleg i kommunen, som drøftar korleis hogsten/inngrepet kan gjennomførast og evt. skadeførebyggjande tiltak mot ras og skred.

8 RETNINGSLINE TIL PLANEN.

8.1 Automatisk freda kulturminne.

Dersom det i samband med tiltak i marka blir funne automatisk freda kulturminne som ikkje er kjende, skal arbeidet straks stansast i den grad det rører ved kulturminna eller sikringssonene deira på fem meter, jf. Lov om kulturminner §8. Melding skal snarast sendast til kulturminnestyresmaktene i Oppland fylkeskommune, slik at vernestyresmaktene kan gjennomføre ei synfaring og avklare om tiltaket kan gjennomførast og eventuelt vilkåra for dette.